

Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 20.08.2015

Spørsmål frå medlemane

Medlem Tom Sverre Tomren ønske status for behandling av reklamefinansiering av kollektivtransport.

Fylkesdirektør Kultur og idrett orienterte om at det vart lagt fram sak om dette i neste møte i

Fylkesutvalet. Dersom saka vart unnateke offentleg innsyn, vil administrasjonen snarleg sende ei melding til medlemane i Kultur- og ressursutvalet.

Spørsmål frå administrasjonen

Fylkesdirektør ønske tilbakemelding til neste møte om det var behov for eit ekstra møte for Kultur- og ressursutvalet i desember 2015, gjerne over to dagar, der det også vart lagt inn opplæring.

Delt ut i møte

Referatsak

- Pressemelding frå Kulturdepartementet om endring av organiseringa av Den kulturelle skolesekken og styrking av ordninga med 12,2 millionar kr.

Hefte – De regionale jazzsentrene

Årsmelding 2014 Vestnorsk jazzsenter

Vedtak